



Høyring - Ny adresseparsell for namnsetting - Reguleringsplan 0557.00 Detaljregulering for bustader i Arne Garborgs veg 51, 53 og 55, Bryne

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Utval for lokal utvikling	056/26	27.08.2026

Kommunedirektøren si innstilling

Utval for lokal utvikling legg følgande namneforslag ut på høyring:

- *Parsell 1: Brørne Søylands veg.*

Utval for lokal utvikling

Fellesforslag frå Utval for lokal utvikling v/Jone Fosse (Sp)

Utval for lokal utvikling legg følgande namneforslag ut på høyring:

- Parsell 1: Brødrene Søylands veg.

Fellesforslaget frå Jone Fosse vart samrøystes vedtatt.

ULK - 056/26 Vedtak:

Utval for lokal utvikling legg følgande namneforslag ut på høyring:

- *Parsell 1: Brødrene Søylands veg.*

Høyring - Ny adresseparsell for namnsetting - Reguleringsplan 0557.00 Detaljregulering for bustader i Arne Garborgs veg 51, 53 og 55, Bryne

Saka gjeld

Det er oppretta ein ny adresseparsell nord for Snorres veg, Bryne. Parsellen skal nå namnsetjast.

Parsellen er oppretta ved administrativt vedtak.

Saksopplysningar

Time kommune skal tildela alle gater, vegar, stiar, plassar eller område som blir brukt i offisiell adressering eit namn som er eintydig innanfor kommunen, jf. matrikkelføreskrifta § 51. Etter lov om stadnamn bør nye adressenamn bygga på lokale stadnamn, og skrivemåten skal vera i tråd med reglane i loven.

Det er utval for lokal utvikling som fastset namn på nye adresseparsellar i Time kommune. I denne saka skal utvalet ta stilling til namn som skal leggst ut på høyring.

Namneforslaga blir kunngjort på kommunen si heimeside og i Jærbladet, og sendt historielaget og fortidsminneforeininga. Etter høyring får utvalet saka til ny og endeleg behandling. Endeleg vedtak blir sendt Sentralt stadnamnregister (SSR) for registrering.

Den nye adresseparsellen er nord for Snorres veg, og har tilkomst frå denne. Parsellen tilsvarer offentleg veg o_KV1 og privat veg f_KV2 som vist i reguleringsplan 0557.00 (vedlagt). Den nye parsellen er vist med gul farge på vedlagte kartutsnitt.

Vurdering

Etter rådføring med lokalkjende har kommunedirektøren kome til at følgande vegnamn vil passa i dette tilfellet:

Parsell 1: Brørne Søylands veg

Denne vegen ligg på tomte der brørne Ingebret og Kristian Søyland utvikla dei første Brøyt gravemaskinane, visstnok i eit hønsehus. Dette er ein del av jærsk industrihistorie, noko som òg er markert i vegnamnet Brøytvegen som fører til fabrikktomta på Ree som brørne seinare flytta produksjonen til.

Det er ikkje andre registrerte, unytta stadnamn i nærleiken, men dette forslaget tek i vare ønsket om ei lokal forankring for vegnamnet.

Konklusjon

For den aktuelle parsellen foreslår kommunedirektøren å leggja dette namneforslaga ut på høyring:

Parsell 1: Brørne Søylands veg

Det foreslåtte namnet er ikkje i konflikt med eksisterande vegnamn i Time

Kommunedirektøren i Time, den 05.08.2026

Trygve Apeland

Vedlegg:

Ny adresseparsell for namnsetting - Reguleringsplan 0557.00 Detaljregulering for bustader i Arne Garborgs veg 51, 53 og 55, Bryne

Kartutsnitt

Reguleringsplan 0557.00

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur